

Hompland 28.02.2021

Høyringsuttaling til revisjonsdokumentet med konsesjonssøknad for Finsåvassdraget

Som innbyggjarar på Hompland vil me kome med ei høyringsuttaling til søknaden om vilkårsrevisjon for regulering av Finså- og Hemsåvassdraget i Sirdal.

Uttalinga vår er basert på revisjonsdokumentet og vedlegg 14 frå Terrateknikk, og tek føre seg konsekvensane av reguleringa av Finså/Hemså-vassdraget på Hompland. Dette blir i dokumentet omtalt som nedre del av Hemsåvassdraget.

Den nedre delen av Hemsåvassdraget har stor landskapsverdi for Hompland, og er med på å definere eit ganske spesielt og unikt kulturlandskap med samanhengande beiteområder rundt heile grenda. For innbyggjarane på Hompland har Hemså stor verdi, både estetisk og bruksmessig. Me vil i denne høyringsuttalinga leggje vekt på innbyggjarane si bruk av åna i det daglege.

På Hompland er me mange barnefamiliar og Hemså har stor bruksverdi for oss. Det har tidlegare vore ein trygg og god badeplass som har blitt mykje brukt. Dette har endra seg mykje då botnen, som notatet frå Terrateknikk viser til, i stor grad blir gjengrodd. Dette gjer at åna er mykje mindre i bruk for bading enn det den har vore tidlegare. Alternativet for innbyggjarane har blitt ein badeplass i Homplandshølen i Sira. Denne har ei stor ulempe i og med at den krev ferdsle langs ein, på sommarstid, tett trafikkert og uoversiktleg veg der det er lett at det oppstår farlege situasjonar. På vinterstid er åna mykje brukt til skeising, men kvaliteten på isen har blitt mykje dårlegare på grunn av sterk gjenngroing langs kantane og i sjølve løpet. Dette reduserer tydeleg iskvaliteten og gjer at denne bruken ikkje blir så stor som han kunne vore. Området er populært og ei oppgradering vil vere av stor verdi for nærmiljøet.

På sommarstid kan òg vassføringa vere eit problem i tørre periodar. Til tider tørker åna heilt ut og det har blitt gjennomført redningsaksjonar for fisk som har blitt isolert i små pollar i åna. Sikra minstevassføring frå overføringstunnelen til Mjåvatn ved Heimrestøl vil kunne redusere dette problemet. I tillegg til problema med uttørking på Hompland vil dette vere av svært stor verdi for dei øvre delane av vassdraget. Området frå Svartepodlen til Heimrestøl er av stor verdi når det gjeld rekreasjonsbruk for lokale. Det er fleire hytter i området i tillegg til etablerte og godt brukte turstiar. Det er viktig å sikre minstevassføring her av fleire grunnar. Reint estetisk er området rundt Heimrestøl eit viktig og velhalde stølsområde som er sterkt prega av det uttørka leiet til Hemså på sommaren. I tillegg er det viktig å sikre Øvre Løyntjødne som eit godt fiskevatn, med gode gyteplassar.

Nødvendige tiltak

- Det må renskast opp i det som blir omtala som nedre del av Hemså på Hompland. Dette må gjerast for å gjenopprette åna som ein viktig del av nærmiljøet for innbyggjarane på Hompland.
- Det må stillast krav om minstevassføring i Hemså frå overføringstunnelen til Mjåvatn ved Heimrestøl for å unngå uttørking av det nedre elveløpet og auke tidsintervallet før neste opprensing blir nødvendig. Dette vil og ha sær positive effektar på området i øvre del av vassdraget.

Helsing

Jostein Frøysnes

Anne Berit Frøysnes